

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

5. søndag i påsketida - 3. mai 2015

Preiketekst: Luk 13,18-21

Lesetekst I: 1 Kong 17,8-16

Lesetekst II: Rom 12,1-3

Vekstkraft

Det heilt vanlege

Jesus brukar døme frå kvardagen. Alle visste kva sennep var og mange hadde sennepstre i hagen sin. Brødbaking var heller ikkje ukjent. Det å bruka tre mål mjøl, dvs ca 20 kg, til ein storbakst, det hadde Sara gjort før då det kom besøk (Gn 18,6).

Den store forandringa

Likevel er det slående kor stor forskjellen er mellom eit bittelite sennepsfrø og eit sennepstre. Mange tusen prosent i forskjell. Surdeig er kraftige saker. Litt surdeig oppi 20 kg mjøl får heile deigen til å heva. Slikt skjer så ofte at vi ikkje tenkjer over kor merkeleg det er. Gud har skapt mange fenomen som vi tenkjer på som "naturlege".

Jesus, eller Yeshua som han heiter på hebraisk, seier at det Guds rike som "er kome nær" (Mark 1,15), eller "er midt midt iblant dykk" (Luk 17,21); dette riket har veldig stor veksekraft. Akkurat som sennepsfrøet er lite, kan Guds rike verka lite og stussleg. Akkurat som surdeigen kan verka liten og makteslaus mot 20 kg mjøl, kan det sjå kraftlaust ut med ei halvfull kyrkje og mykje smertefull kyrkjhistorie. Men Jesus er sikker på at Guds rike vil vinna likevel, om ikkje før, så iallfall på innhaustingsdagen (Matt 13,30.39-43; Mark 4,29). Likninga om sennepsfrøet seier noko om det ytre omfanget av Guds rike, det skal veksa opp og bli til skugge for himmelens fuglar, dvs det skal nå ut til folkeslaga. Likninga om surdeigen vitnar om den indre krafta i Guds rike, den som forvandlar og gjennomsyrer kvart hjørne av menneskelivet.

Bakgrunnen i Skriftene

I Bibelen blir det store treet med fuglar som byggjer reir i det brukt om store rike (Esek 31,6.12; Dan 4,12.14.21-22). Store rike kan vera store ei stund og så forsvinn dei.

Esekiel 17 handlar om kongehuset i Juda, eller om landet, der dei mektige nabolanda innset og avset kongane i Juda alt ettersom. Gud straffar kongen i Juda for ulydnad (Esek 17,19-21), og rett etter det kjem det ein messiasprofeti (Esek 17,22-24). Midt i det som ser ut til å vera så hardt straffa av Gud at det ikkje kan bli noko meir, så vel Gud å la ein ny kvist veksa fram "på Israels høge fjell" (v.23a). Der blir treet så stort at "[a]lle slags fuglar skal bu i det, alt som har venger, skal halda til i skuggen av greinene på det" (v.23b). For å understreka kor sært dette prosjektet til Gud er, blir det sagt at Gud gjer det høge treet lågt og det låge høgt (v.24a).

Det som ser umogleg ut, fordi Israel ikkje levde opp til oppdraget sitt, det skal Gud planta "på Israels høge fjell" og la bli noko stort likevel. "Eg, HERREN, eg har tala og vil setja det i verk." (v.24b)

Når Jesus samanliknar Guds rike med det bittelite sennepsfrøet som blir til eit tre der himmelens

fuglar finn skugge, så knyter han det til profetien frå Esekiel 17 (sml òg Jes 11,1 og 53,2). Det er nesten som vi kan høyra orda frå Rom 8,3 her: "Det som var umogleg for lova, sidan ho stod maktlaus fordi vi er av kjøt og blod, det gjorde Gud. Han sende sin eigen Son som syndoffer, i same slag kjøt og blod som syndige menneske har, og heldt dom over synda i oss." Israel klarte det ikkje. Korleis skulle då dei andre folkeslaga fiksa det? Men Guds rike er annleis. Det er som sennepsfrøet og som surdeigen.

Trusprøven

Kan Gud verkeleg få til så store ting? Tør vi å ta Gud på ordet? Er Guds rike så sterkt som Jesus seier? Eller bør vi leita etter andre løysingar i politikken eller den sunne fornuften og FN sine vedtak?

Leseteksten frå 1 Kongebok 17 utfordrar oss på det same. Profeten Elia torde å fortelja enkja kva Gud hadde lova, sjølv om både han og enkja godt visste at til vanleg tek mjøl og olje slutt. Men dei handla i tru utan å sjå. Mjøl og olje tok ikkje slutt. Parellellen til sennepskornet og surdeigen er klar: Har Gud sagt det, så blir det slik.

Eit levande og heilagt offer for Gud

Surdeigskrafta kryp inn i alle krokar av oss. Alt blir gjennomsyra og prega. Leseteksten frå Rom 12 har det same perspektivet: Kroppane dykkar skal berast fram som eit offer for Gud. Har Den Heilage Ande flytta inn, då er ingenting nøytralt som før lenger. Vi er utleverte til Gud, slik at Gud kan forma oss. Derfor må vi ikkje innretta oss etter denne verda, men bli omskapa. Sjølve identiteten skal omformast i samsvar med Guds vilje. Surdeigskrafta i Guds rike forvandlar på djupet.

Guds rike er ikkje "ein avtale mellom Gud og meg". Guds rike er noko eg er invitert til, på trass av alt. Guds rike er ei kraft som lagar ein indre identitetsrevolusjon i meg, like forvandlande som surdeigen gjennomsyrrer mjølet.

Andreas Johansson

Teolog, Den Norske Israelmisjons stedlige representant i Israel.

nmci.israel.representative@gmail.com